

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG



Deres ref.:  
20/18162 - 22/6787

Vår ref.: 20552490  
Sak/dok.: 22/03565-2  
Ark.: 346

Dato:  
10.02.2022

## Dokumentet har framleis manglar og kan ikkje tinglysast

### Saka gjeld gnr. 111 bnr. 3 i knr. 4631 Alver kommune

Vi har prøvd å nå dykk på telefon, men har ikkje fått svar. Seksjoneringen de har sendt inn for tinglysing har framleis manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

### Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Teksten i punkt 5 i, untatt punkt 6 og 7 i vedtektene, er ikkje gjenstand for tinglysing, jf. tinglysingslova § 12. Vi ber derfor om at de fjernar tilvisningane i punkt 5 i søknad om seksjonering for det som ikkje skal tinglysast.

Dersom det er noko som er inntatt i vedtektene som skal tinglysast, må dette spesifiserast. Vi ber de redgjøre for om punkt 4 i vedtektene er tilleggsdel bygning til kvar av seksjonane?

Dersom punkt 6 og 7 i vedtektene skal tinglysast, må dette spesifiserast. Punkt 6 og 7 kan òg berre tinglysast dersom dei blir avgrensa til eksklusiv bruk til 30 år. Vi viser til eigarseksjonslova § 25.

Vidare opplyser vi om at det òg i vedtektene kjem fram at Alfild Skårnes skal eiga helårsbolig og Eli Johanne Ohnstad skal eiga fritidsbustad. Dersom vedtektene skal tinglysast, ber vi om at de i punkt 5 i søknad om seksjonering påfører fordelinga av heimelsforholdet til seksjonane. De må òg påføra verdien for kvart enkelt bygg. Det må det betalast dokumentavgift for verdiforskyvningen. Vi viser til rundskrivet vårt kapittel 12.1 problemstilling 3 og kapittel 12.2 problemstilling 1.

Dersom all tilvisning i punkt 5 blir fjerna, og vedtektene ikkje blir send inn saman med seksjoneringen, så kan de sjå bort i frå alt ovanfor, men dette blir då ikkje tinglyst, men ein avtale mellom sameierne.

Vidare viser vi til teikninga av seksjon 2. Er alle teikningar lagt ved av denne seksjonen? Vi ser av teikninga at det er teikna inn ei trapp ved hall/kontor. Går denne trappa opp til ein ny etasje? Eller er det berre nivåforskjellar inne i bygget?

**De kan fasthalde kravet om tinglysing**

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

**Praktisk informasjon**

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no) og [www.seelendom.no](http://www.seelendom.no). Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 89 05.

Med vennleg helsing

Jonas Odda Steinbakken  
saksbehandlar

Marthe Kristiansen  
saksbehandlar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.